

Lindås kommune

Dykkar ref:  
Vår ref: 2017/42229  
Dato: 04.09.2017  
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



## MERKNADER TIL PLANFRAMLEGG - LANGØY-OSPENESET AKVAKULTUROMRÅDE - PLAN-ID 1263-201606

Mattilsynet viser til høyring angående reguleringsplan for Ospeneset og Langøy i Lindås kommune.

Slik planframlegget er framstilt er det arealet som skal utvidast, slik at Eide Fjordbruk kan få utnytte ynskja produksjonsteknologi på lokalitetane.

Utviding av areal vil opne for moglegheit for Eide Fjordbruk til å følgje med på utviklinga når det gjeld oppdrettsteknologi. Mykje av dagens installasjonar er meir plasskrevjande enn før, og det krevst difor meir fleksibilitet når det gjeld storleiken på akvakulturområde. Det å ta i bruk fleire oppdrettsmerdar og utvide arealbruken på lokalitet Ospeneset og Langøy er noko Mattilsynet i hovudsak stiller seg positiv til, då same talet på fisk fordelt på eit større område vil medføre lågare fisketettleik. Lågare tettleik av fisk er gunstig med tanke på fiskehelse, då det vil vera lengre avstand mellom kvar vert. Lågare tettleik betrar også fiskevelferda i anlegga, då det vil medføre at vassgjennomstrøyminga i anlegget vert meir effektiv, og fisken får dermed betre tilgang på oksygen.

Av planframlegget går det ikkje fram at dette er ei endring som må til for at lokalitetane skal kunne utvidast når det gjeld biomasse. Mattilsynet ser difor ikkje at ei slik arealutviding i seg sjølv vil medføre auka smitterisiko for anna akvakulturverksemd og villfisk i området, då talet på fisk vil ut frå det som framkjem i planen vera det same som dagens nivå. Nivået av lakselus vil dermed ikkje verte endra som følgje av ei utviding av areal til bruk til akvakulturverksemd, ei heller sjukdomssituasjonen. Rømning vil kunne utgjera ei noko større risiko på grunn av det planlagde auka talet på merdar på dei to anlegga som omfattast av planen, med dei konsekvensane dette kan få for villfiskstammer. Dette er noko som er teke med i konsekvensutgreiinga.

Det er også opplyst i planframlegget at området for akvakultur ved Ådnøy skal regulerast bort. Ådnøy ligg plassert mellom to smittehygieniske fellesområde («SFO») for akvakultur i Nordhordland. SFO vart oppretta i Nordhordland i 2013 gjennom eit samarbeid mellom Mattilsynet og næringa, og områda er vedtaksfesta. Mattilsynet ynskjer ikkje etablering av akvakulturanlegg mellom slike område, då dette vil vera i strid med føremålet med oppretting av SFO. Innanfor eit SFO skal akvakulturanlegga vera koordinerte når det gjeld brakklegging; alle anlegg er lovpålagt å ha minst to månader brakklegging mellom kvar produksjonssyklus, men innanfor SFO skal minst

[www.mattilsynet.no](http://www.mattilsynet.no)

**Mattilsynet**  
Seksjon fisk og dyr Bergen og Omland

Saksbehandlar: Kristina Birkeland  
Tlf: 22400000  
E-post: [postmottak@mattilsynet.no](mailto:postmottak@mattilsynet.no)  
(Hugs namnet til mottakaren)

Postadresse:  
Felles postmottak, Postboks 383  
2381 Brumunddal  
Telefaks: 23 21 68 01

ein av desse to månadane vera koordinert med alle dei andre anlegga innanfor same SFO. Dette medfører at ein får «nullstilt» området etter kvart utsett, og tanken er at ein då startar opp med blanke ark og smittefritt område ved neste produksjonssyklus. Det er difor viktig at det er noko avstand mellom kvart SFO, og at områda mellom kvart SFO vert halde oppdrettsfrie for å hindre spreiding av smitte på tvers av to SFO. Etter Mattilsynet sitt syn er det difor hensiktsmessig at akvakulturområdet ved Ådnøy takast bort sidan det her ikkje vil vera smitemessig gunstig å opprette nye anlegg.

Totalt sett er Mattilsynet positive til planframlegget.

Med helsing

Kristina Birkeland  
seniorinspektør / fiskehelsebiolog

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.  
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*